

Høyring – Forslag om statleg gjering av skatteoppkrevjaren

1. Innleiing

Vi viser til høyringsbrev av 01.12.2014 og til eige brev frå departementet til Voss kommune av 04.12.2014 om at vi er høyringsinstans i spørsmålet om å overføre skatteoppkrevjaren til Skatteetaten. Frist for høyringsuttale er sett til 02.03.2015.

Forslaget om statleg-gjering av skatteoppkrevjarane har vore oppe fleire gonger før, men aldri fått fleirtal i Stortinget. Kommunen meiner dagens kommunale løysing er den beste då den gjev svært gode resultat og viser seg som ein effektiv organisering.

Kommunen meiner at ei statleg-gjering i tråd med den svært stramme tidsramma inneber risiko for provenytap, reduksjon av nødvendig kompetanse i vår kommune og fare for tap av nøkkelpersonell.

Kommunen vil også peika på at spørsmålet om organisering av skatteoppkrevjaren er mest naturleg å handsama i den varsla kommunereforma.

2. Skatteoppkrevjaren er viktig for Voss kommune.

Skatteoppkrevjar funksjonen er viktig for heile den lokale økonomistyringa. Skatteoppkrevjaren inngår i det totale økonomiske fagmiljøet i kommunen, og bidrar med viktig kompetanse. Kommunen sitt høve til å ta ut forskot kan bortfalla, noko som kan gå ut over likviditeten til kommunen.

Voss kommune har 2,8 årsverk knytt til denne funksjonen som vil falla bort. Om reforma inneber ei verksemdsoverdraging er ikkje avklara og det er difor uklart kven som skal vareta dei tilsette. Skatteetaten vil ha behov for kompetanse og nokre vil få tilbod om ny arbeidsplass i Bergen. Dei tilsette som vert att i kommunane står utan oppgåver og finansiering.

3. Forslaget inneber at effektiviteten og resultatet i skatteinnkrevjinga kan svekkast.

Dagens organisering har ei løysingsgrad som ligg heilt i verdstoppen. Skatteoppkrevjaren i Voss har ei løysingsgrad på 99,85 % og 99,77 for forskotstrekk og arbeidsgjevaravgift, inntektsåret 2014.

God lokal kontakt med skattytar er eit av våre store fortrinn ved betalingsvanskar.

Det er lite truleg at effektiviteten og resultatet i skatteinnkrevjinga kan verta betra med ei sentralisering.

4. Nærleik til brukarane.

Nærleiken til innbyggjarane gjer at det vert gode resultat for innkrevjing av skatt. Det gjer at kommunen kan inngå gode betalingsordningar og samordne skattegjeld og kommunale krav.

Nærleiken til skattesubjekta er svært viktig i kampen mot svart økonomi. Skatteoppkrevjaren har lokalkjennskap til verksemdar i sin kommune. Vi har god kontakt med våre arbeidsgjevarar og rekneskapskontor. Vår bistand bidrar til at grunnlag forskotstrekk og arbeidsgjevaravgift blir korrekt innmeld.

Kommunen si erfaring som lokal kontrollinstans er at dette har ein klar preventiv effekt. Dersom skatteoppkrevjaren vert overført til Skatteetaten vil avstanden mellom kontrollinstans og kontrollsubjekt auka vesentleg.

5. Forslaget bør inngå som ein naturleg del av kommunereforma

Etter vårt syn er organiseringa av skatteoppkrevjaren ein naturleg del av den totale gjennomgangen av den samla oppgave- og ansvarsfordelinga mellom stat og kommunar i kommunereforma.

Kommunen meiner derfor det er uheldig å forsere avgjerda om dette no og anbefaler at spørsmålet må inngå i ei samla behandling i kommunereforma.

6. Oppsummering

Kommunen meiner at forslaget er uheldig distriktpolitikk, fordi nærleik og lokalkunnskap er spesielt viktig i denne saka. Forslaget inneber unødvendig sentralisering. Kommunen meiner difor at Voss kommune har best kompetanse og føresetnad for å handtere vårt lokale næringsliv og våre innbyggjarar, og at dagens løysing gir dei beste resultat og framstår som ei effektiv organisering.